

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Søknad om bygging av fleire småkraftverk Sauda og Suldal kommunar, Rogaland - fråsegn

I ei felles vurdering av ni omsøkte småkraftprosjekt i Sauda og Suldal, har Fylkesmannen vurdert potensielle effektar på naturmangfald, allmenne interesser og samla belastning. Fylkesmannen fremmar motsegn mot bygging av Grøddalen, Bråtveit og Bjergaelva kraftverk. For Fivelandselva, Svandalen, Tysdal og Tysseelva kraftverk må det settast nærmare vilkår for gjennomføring. For Nyastøljuvet og Sasbakkeelva har Fylkesmannen ingen vesentlege merknader.

Fylkesmannen syner til brev frå NVE datert 3. januar 2014, om ein samla høyringsrunde om bygging av ni småkraftverk i Suldal og Sauda kommunar. Det søkjast i alle tilfelle om løyve etter vassressursloven, § 8, til bygging av kraftverk, samt etter energiloven til drift av kraftverk med koplingsanlegg og kraftlinjer. NVE ber om vurdering av kvar einskild søknad og ei samla vurdering av alle sakene.

I «Strategidokument for små vannkraftverk i Rogaland» (Rogaland fylkeskommune), delar ein fylket inn i 25 sonar basert på landskapsrom, vassdragsgrenser og/eller nedbørfelt. Dei omsøkte prosjekta ligg innafor fem delområde: Sauda-1 (Svandalen, Grøddalen), Sauda-2 (Fivelandselva), Suldal-3 (Tysseelva), Suldal-5 (Tysdal, Bråtveit, Nyastøljuvet), Suldal-6 (Bjergaelva, Sabakkeelva).

Tabell 1: Oversikt over dei ni omsøkte småkraftverka i Sauda og Suldal, med sentrale parametrar.

Prosjekt	Minstevassføring (l/s)	Inst. effekt (MW)	Sluke evne (l/s)	Prod. (GWh/år)	Naturkvalitetar	INON-tap (km²)	Tilråding frå FM
Sauda kommune							
Fivelandselva	Q5: 23s/20v	4,8	1070	13,42 (Alt. B: 12,99)	Bekkekløft (B), beiteskog (B), fossesprøytsone (B)	0,4	På vilkår
Grøddalen	Q5: 60s/24v	2,9	1360	10,22 (Alt. B: 12,99)	Kongeørn, tårnfalk, kattugle, fossefall, ask og alm (NT). FINK	2,2	Motsegn
Svandalen	Q5: 56,5s/35,3v	3,5	1510	9,87	To bekkekløfter (B), bekkekløft (C). FINK	0,3	På vilkår
Suldal kommune							

Tysdal	Q5:22s 9v/ 16s 6v	2,65	635	7,88, (Alt.B: 8,45)	To bekkekløfter (C), fossekall, kongeørn	1,5	På vilkår
Bråtveit	ALV: 20	3,1 (Alt.: 2,1)	640	11,4 (Alt.: 7,4)	Bekkekløft (B), hagemark (B), rik edelløvsskog (B), ask og alm (NT)	3,84	Motsegn
Nyastøljuvet	Q5: 200/40	1,3	6000	3,44	Bekkekløft (B)	0	Merknad
Sabakkeelva	15 (Q5: 12s/16v)	3,6	800	9,9	Fossekall	0,12	Merknad
Bjergaelva	50 (Q5: 97s/52v)	5	1640	13,7	Alm-lindeskog (B), fosseeng (A)	0,83	Motsegn
Tysseelva	Q5: 84s/52v	5,44	1930	17,2	Bekkekløft (C), ask og alm (NT)	1,1	På vilkår

Naturmangfald i samband med kraftutbygging

Vi opplever i dag eit stadig raskare tap av natur og artar (biologisk mangfald). Det er ein utbreitt oppfatning at tapet er så omfattande at det vil undergrave moglegheitene for ei berekraftig utvikling. I Noreg reknar vi at over 100 plante- og dyreartar er forsvunne dei siste 150 åra. Om tapet av artar i verden held fram i same tempo som i dag, vil kvar tiande dyre- og planteart vere borte om 25 år. Gjennom konvensjonen for biologisk mangfald (CBD) har 170 land, inkludert Noreg, blitt enige om å stanse tapet av det biologiske mangfaldet innan 2020. Dette må derfor haldast høgt når naturinngrep skal vurderast. Alle tiltak som rører ved natur skal vurderast i høve til naturmangfaldsloven §§ 4 og 5, og §§ 8-12 (jfr. § 7), og vi minner om at vurderingane av desse skal komme fram av vedtaksteksten.

Ein viktig naturtype i høve til små kraftverk, er *bekkekløft og bergvegg* (F09) jf. DN-Handbok 13. Dette er ein høgt prioritert naturtype som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Denne naturtypen er karakterisert ved høg luftfukt og knytter til seg spesialiserte artar av planter, sopp, mose, lav og insekter. Slike lokaliteter varierer mykje i topografi og økologi, og samstundes kan kvar enkelt lokalitet vise høg kompleksitet. Samansettinga og tettleiken av biologisk mangfald er høg samanlikna med andre norske naturtypar. Bekkekløfter er derfor karakterisert som «hot spot»-miljø. Andre viktige naturtypar som ein ofte finn i samband med småkraftsaker er *Rik edelløvsskog* og *Fossesprøytoner*, med kvar sin særmerkte og spesialiserte artssamansetting.

Fleira artar som ikkje er raudlista, er likevel spesielt tilpassa og avhengig av vassdragsnatur. Eit slikt døme er fossekallen. Som Noregs nasjonalfugl er dette ein karakterart i og ved rennande vatn, og det er vedteke av den skal gis forvaltningsmessig omsyn. Vassdragsinngrep er ein av dei viktigaste trugsmål mot fossekallen, og grunna artens revirhevdande åtferd er utbyggingar i små vassdrag vel så negativt som i store.

INON måler avstand frå tyngre tekniske inngrep i naturen og bereknar inngrepsfrie soner basert på avstand i luftlinje frå nærmaste inngrep. Det har vore ein politisk målsetting at inngrepsfri natur i størst mogleg grad skal bevarast for framtida. Inngrepsfri natur har stor betydning for rekreasjon og oppleving. Samstundes legg slik natur grunnlaget for verdifulle urørte økosystem som får utvikla seg i fråvær av menneskeskapt påverknad.

Vurderinga av samla belastning i Suldal og Sauda

Høyringa omfattar utbyggingsprosjekt i ytre delar av Sauda kommune og nordre og vestre delar av Suldal kommune. Dette område ligg i indre del av Ryfylke, eit distrikt som fell inn under det vestnorske fjordlandskapet. Her finn ein landskapskvalitetar av regional, nasjonal og internasjonal verdi. Eit mangfald av kontrastrike landskapselement som fjordspegl, bratte fjordsider og fjell, elver og fossar, vegetasjonsbelte og særprega kulturmiljø bidreg til høg inntrykksstyrke. Dette unike

fjord- til fjellandskapet står i ei særstilling i Rogaland, og har høg verdi i høve til oppleving, rekreasjon og reiseliv.

Men det er også her potensialet for utbygging av små kraftverk er størst. Regionen er allereie sterkt prega av den store vasskraftutbygginga Ulla-Førre som blei opna i 1982. Her produserast 4,45 TWh straum årleg, og er det største vasskraftanlegget i Nord-Europa. Rogaland har framleis eit berekna utbyggbart vasskraftpotensial på 16,7 TWh, likevel utgjør små kraftverk berre 1,5 TWh. Suldal er fylkets største kraftkommune med totalt 45 kraftverk i drift per 1.1.2014. Av desse er 37 små kraftverk (mikro, mini og småkraft). Sauda er også sterkt utbygd, med mange eksisterande små kraftverk i tillegg dei tre omsøkte kraftverka Fivelandselva, Grøddalen og Svandalen. Fleire større kraftverksprosjekt finst og i kommunen, mellom anna Sønna kraftverk inkludert magasin og overføringar, som produserer i overkant av 1 TWh årleg. Kvar enkelt inngrep kan isolert sett ha liten betyding, mens summen av inngrepa kan medføre at opplevingsverdien knytt til landskapet blir sterkt øydelagt eller går tapt.

Etter § 10 skal ”påverknaden ikkje vurderast isolert, men på bakgrunn av den miljøbelastninga som allereie er skjedd gjennom andre påverknadar” (Ot.prp 52 2008-2009, naturmangfaldloven).

Fylkesmannens vurdering er talet på utbygde/omsøkte kraftverk i den aktuelle regionen samla sett er ved ei etter kvart **kritisk grense** for ivaretaking av vassdragsnaturen, jfr. forvaltningsmål for naturtypar og økosystem, og for tilknytta artar, jfr. §§ 4 og 5 i naturmangfaldloven.

Dette skal også vurderast i lys av ventelege tilsvarende tiltak i restane av vassdragsnaturen i Suldal og Sauda, jfr. § 9 i naturmangfaldloven. Nye kraftutbyggingar må derfor etter vårt syn ha etter måten stor energiproduksjon i høve til naturkostnader for å kunne tillatast.

Omtale av dei enkelte søknadane

Fivelandselva kraftverk, Sauda

Bakgrunn

Haugaland Kraft AS vil nytte fallet i Fivelandselva i Sauda kommune. Det er lagt opp til eit inntak 1 på kote 515, og eit inntak 2 på kote 370. Inntaksvatnet vil gå i same røytrase til kvart sitt aggregat i kraftverket på kote 115. Frå inntak 1 vil røyrgate vere på ca. 2,5 km, og frå inntak 2 ca. 1,6 km ned til kraftstasjonen. Ein namnlaus sidebekk er planlagt overført til inntak 1.

Eksisterande traktorveg skal brukast så langt som råd, men det er behov for 200 meter ny permanent veg i tilknytning til sjølve kraftstasjonen. Mellom inntak 1 og 2 skal det byggast ein ny midlertidig veg, som etter anleggsfasen vil vere kjørbar med ATV og snøskoter. Det vil vere behov for eit ca. 30 m breitt belte til røyrgate og veg. Det er og lagt opp til eit alternativ utan overføring av namnlaus sidebekk til inntak 1.

Miljøverdiar

Utbygginga vil føre til tap av inngrepsfri natur (INON, sone 2) på 0,4 km². Av naturtypar med betyding viktig (B) vil ei bekkekløft, eit område med beiteskog, og ein foss med fossesprøytsone bli påverka av inngrepet. Inngrepet blir vurdert til å ha middels negativ konsekvens for naturtypar og vegetasjonstypar, samt karplanter, mose og lav. Samla sett blir tiltaket vurdert av søkjar til å ha liten/middels negativ konsekvens for landskapet. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT (nær truga).

Fylkesmannens vurdering

Det er kjende lokalitetar av storsalamander på Løyning sør for Fiveland, men elles ikkje observert raudlista artar i influensområdet. Øvre delar av foss med fossesprøytsone var utilgjengelig for konsulenten, og heile området er vurdert som viktig (B). Planlagt slepp av minstevassføring er lik 5-

persentilen (23 l/s om sommaren og 20 l/s om vinteren). Den fuktkrevjande kryptogamfloraen vil truleg lide av ei 95 % reduksjon i vassføring.

For å redusere problem med vedlikehald av inntaksdammen, oppmodar vi søkjar om å sjå på Coanda-inntak. Slike inntak er nærmast vedlikehaldsfrie, slik at adkomstveg ikkje treng vere permanent. Samtidig er sjølve demninga mindre i høgde og omfang.

Ved ein eventuell konsesjon ber vi NVE legge vekt på størst mogleg grad av bevaring av viktige naturtypar i detaljplanlegginga. Fylkesmannen frarår bekkeinntaket, og legg til grunn at produksjonsbidraget er lågt, når vege opp mot inngrepets omfang (då vil ein og unngå tap av INON).

Grøddalen kraftverk, Sauda

Bakgrunn

Haugaland Kraft AS vil nytte vassfallet i Grøddalselva i Sauda kommune. Inntaket skal ligge på kote 696, og først gjennom ei om lag 1,5 km lang rørgate til kraftstasjonen på kote 380. Kraftstasjonen er ønskt å ligge om lag 700 m oppstraums samlaupet mellom Grøddalselva og Risvollelva, nordaust for Beinfram.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i Grøddalen, nordvest for Sauda sentrum. Grøddalen er tilnærma utan inngrep i dag, og utbygginga vil redusere verdien av elva som landskaps- og opplevingselement. Ein del av Grøddalselva og den nedgravne røyrtraseen ligg innanfor eit regionalt viktig friluftsområde (FINK). Inngrepssfrie naturområdet vil bli redusert med 2,2 km² (INON, sone 2).

Vegetasjonen langs Grøddalselva blir sett på som såkalla triviell, men det blir framheva funn av eit bra utval gråmosar. Det blei registrert kongeørn, tårnfalk og kattugle under feltarbeidet. I tillegg er det eigna hekkebiotopar for hønehaug og spurvehaug. Det er forekomst av fossefall i vassdraget. Eit overlappende leveområde for orrfugl er i Naturbase vurdert som viktig (B).

Langs kraftleidningstraseen blei det under feltarbeidet registret naturtypen *Rik edellauvskog* (utforming alm-lindeskog), ved Amdal. Denne inneheld raudlista artar som ask (NT) og alm (NT), og området blei vurdert til å ha potensial for fleire sjeldne artar. I biomangfaldrapporten er ikkje naturtypen avgrensa eller verdisatt i samsvar med DN's Handbok 13, men vurderast å ha ein middels verdi. Konsulenten skriv vidare: «Det kan imidlertid ikke utelukkes at området huser artar som gjør at den må vektes høyere». I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Fylkesmannens vurdering

Tiltaksområdet er delvis over tregrensa, samt innanfor eller like utanfor grensene til eit regionalt viktig friluftsområde (FINK), kor opplevingselementet bør vege tungt. Tapet av 2,2 km² INON-areal er relativt mykje samanlikna med mengda kraft planlagt produsert. Planlagt slepp av minstevassføring er lik 5-persentilen (60 l/s om sommaren og 24 l/s om vinteren). Både fossefallet og den fuktkrevjande kryptogamfloraen vil truleg lide av ei 95 % reduksjon i vassføring. Forekomst av kongeørn, tårnfalk, spurvehaug, hønehaug og kattugle bør gi ein peikepinn på at områdets artsrikdom, og det burde utvilsamt vore undersøkt i hekketida. Dette er artar som vil kunne påverkast negativt av den auka aktiviteten i området, spesielt under anleggsperioden. Den nye kraftleidningstraseen vil legge beslag på areal og kan ha negative konsekvensar for den rike edellauvskogen ved Tveit. I tillegg vil etableringa av kraftleidningen utgjere ein betydeleg kollisjonsrisiko for det lokale fuglelivet, spesielt for skogsfugl og rovfugl.

Fylkesmannen merker seg elles at søknaden ikkje har tatt med viktige moment frå biomangfaldrapporten, og at naturverdiane såleis er sterkt underkommunisert. Fylkesmannen vurderer at fordelane ved tiltaket ikkje veg opp for dei omfattande påverknadane på naturen. Fylkesmannen fremmar motsegn mot utbygging av Grøddalen kraftverk ut frå omsyn til natur- og landskapsverdiar. Vi legg til grunn stort fråfall av INON, områdets verdi for friluftsliv (FINK), rik edellauvsskog, raudlisteartar og førekomst av fossefall.

Svandalen kraftverk, Sauda

Bakgrunn

Haugaland kraftverk ønskjer å nytte fallet i Svandalselva i Sauda kommune. Det er tenkt eit elveinntak på kote 630, og vatnet vil bli ført gjennom ei 1,8 km lang røyrgate til kraftstasjonen på kote 350. Ein sidebekk er ønskt overført til elveinntaket. Bekkeinntaket er planlagt på kote 675, og vil bli ført til elveinntaket i eit overføringsrøyr på 780 m. Som eit alternativ B kan overføringa av bekk utelatast.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i Svandalen, sørvest for Sauda sentrum. Svandalen er eit område sterkt prega av inngrep, med mellom anna Rogalands største skitrekk og mykje hytter. Utbygginga vil likevel redusere verdien av elva som landskapselement, innanfor eit regionalt viktig friluftsområde (FINK). Inngrepsfri natur vil bli redusert med 0,3 km² (INON, sone 2). I alternativet utan overføring av bekk, vil ein unngå alt tap av inngrepsfri natur.

Det blei funne den regionalt viktige arten turt i ei av dei tre bekkekløftene, elles er floraen karakterisert som rik. Av dei tre bekkekløftene i influensområdet, er to gitt verdi B (viktig), og ei verdi C (lokalt viktig). Det er førekomst av fossefall i vassdraget, og det blei funne eigna hekkeområder i bekkekløftene. Fossefall blei ikkje observert av konsulenten. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Fylkesmannens vurdering

Sauda er ei av dei mest utbygde vasskraftkommunane i Rogaland. Svandalen har fleire vassdragsinngrep i området, men er og sterkt påverka av hyttefelt og skitrekk (sjå også felles vurdering av samla belastning øvst i dokumentet). Oppleving av «urørt» natur er viktig, spesielt i eit elles sterkt påverka område. Utbygging av Svandalen kraftverk vil redusere denne verdien. Den 1870 meter lange og 30 meter breie røyrgate er planlagt revegetert etter tiltaket, *men skal samstundes* vere farbar med ATV eller snøskoter i framtida. Den vil såleis utgjere eit permanent landskapssår. I overføringa av sidebekken skal det gravast ned 880 meter med røyr inn til inntaksmagasinet på kote 675. Elles er få detaljar klarlagde i høve til utforminga av denne overføringa.

Planlagt slepp av minstevassføring er lik 5-persentilen (56,5 l/s om sommaren og 35,3 l/s om vinteren). Både fossefallet og den fuktrevjande kryptogamfloraen i dei to viktige bekkekløftene vil truleg lide av ei 95 % reduksjon i vassføring.

For at Fylkesmannen skal kunne godta bygging av Svandalen kraftverk, ønskjer vi at ein så langt som råd må ivareta verdiane i vassdraget for den omfattande friluftsb Bruken knytt til mellom anna hytteutbyggingane. Fylkesmannen vil tilrå ei auka minstevassføring, med omsyn til naturverdiane og opplevingsverdien. Vi frårår overføringa av sidebekken, då dette er eit stort inngrep over tregrensa som ikkje gir betydelig auke i straumproduksjon. Dessutan unngår ein tap av INON ved å sløyfe denne overføringa.

Tysdal kraftverk, Suldal

Bakgrunn

Haugaland Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Tysdalselva og Åsheimsbekken i Suldal kommune. I Tysdalselva er det tenkt eit elveinntak på kote 710, så 1650 meter røyrgate ned til kraftstasjon på kote 205 ved Riksveg 13. Åsheimsbekken, samt ein namnlaus sidebekk er tenkt overført til Tysdalselva, med samløp på ca. kote 440. Som eit alternativ B, er det tenkt å demme opp og regulere Tysdalsvatnet og Hestakvelvtjørna med 1 meter.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i Brattlandsdalen på nordsida av Suldalsvatnet som er gitt «høg landskapsverdi/fylkesinteresse» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995), grunna eit dynamisk landskap med steile skogssider og elv i fossefall og stryk. Tiltaket medfører sterkt redusert vassføring i Åsheimsbekken og Tysdalselva, på ei strekning på hhv 1650 og 910 meter. Tiltaket medfører fråfall av om lag 1,5 km² inngrepsfri natur (INON, sone 2). Den biologiske konsekvensutgreiinga avdekka førekomst av dei regionalt sjeldne planteartane turt og søterot. Det blei og funne nokre relativt uvanlege moseartar, samt fleire fuktkevjande artar nær bekkestrengane. Rundt Tysdalsvatnet og Hestakvelvtjønnen blei det funne eit innslag av kalkkevjande artar. Det er beskrive to avgrensingar av naturtypen *bekkekløft og bergvegg*, begge gitt verdi C – lokalt viktig. Det er førekomst av fossefall i vassdraget. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Naturbases innsynsløysning for sensitive data viser nærliggande yngleplass for kongeørn (nær trua, NT) samt fleire førekomstar og yngleplassar av hubro (trua, EN), fjellvåk (NT) og hønselhauk (sårbar, VU), alle innafor nokre kilometer. Dette er artar som er avhengige av fråvær av menneskeskapte inngrep, men det er likevel ikkje antatt at tiltaket har direkte påverknad på bestandar av desse artane.

Fylkesmannens vurdering

Suldal kommune og resten av indre Ryfylke er allereie sterkt påverka av vassdragsinngrep, og dei ni planlagde prosjekta utgjer ei potensiell ytterlegare samla belastning på regionen (sjå også fellesvurdering øvst i dokumentet). Det er fleire eksisterande eller planlagde vasskraftverk i umiddelbar nærleik til Tysdal kraftverk, mellom anna eit konsesjonsfritt prosjekt i Åsheimsbekken nedstraums planlagt overføring, og Juvsåna kraftverk som er gitt konsesjon og er under detaljplanlegging.

Tiltaket medfører store naturinngrep i et område som er definert under «vakre landskap i Rogaland». Blant dei mest tungtvegande påverknadane er 2,65 km med delvis open røyrgate. I eit så bratt terreng som Brattlandsdalen, vil det vere vanskeleg å dekke til røyrgata med massar heile vegen. Derfor vil den delvis ligge i dagen og utgjera eit sjenerande element som truleg blir synbart frå vegen. Fylkesmannen oppmodar om at eit alternativ med boring/tunell blir utreda. Det er ikkje nemnd spesifikt kor anleggsvegen skal gå, berre at den skal gå i umiddelbar nærleik til røyrgata. Som eit veglaust alternativ oppmodar Fylkesmannen søkjar om å sjå på Coanda-inntak. Slike inntak er tilnærma vedlikehaldsfrie, noko som gjer at det ikkje er behov for adkomstveg. Dessutan treng ein då ikkje å lage demninga så høg som ved tradisjonelle gravitasjonsdammar, og vannspegelen treng ikkje hevjast så mykje.

Fråfall av vassføring vil innebere reduserte livskår for fuktkevjande artar i ein viktig naturtype, dessutan vil fossen i Tysdalselva miste sin visuelle karakter. Fråfall av totalt 1,5 km² inngrepsfri natur (INON, sone 2) veg også tungt.

For at Fylkesmannen skal kunne tilrå bygging av Tysdal kraftverk, ønskjer vi å avgrense tiltakets negative effekt på området opplevingsverdi. Derfor anbefaler vi å sjå på eit veglaust alternativ.

Fylkesmannen frårår regulering av Tysdalsvatn og Hestakvelvtjønn (alternativ B).

Bråtveit kraftverk, Suldal

Bakgrunn

Grunneigarane av Kvernåna i Suldal kommune ønskjer å utnytte eit 585 meter fall i Kvernåna. Inntaksdammen vil demme ned eit areal på 3,84 daa, og frå denne går ei 1330 meter lang røyrgate ned til Suldalsvatnet på kote 75. Dei første 180 meterane skal borast igjennom fjell. Kraftverket har ei slukeevne på to gangar middelvassføringa (315 l/s), og ein installert effekt på 3,1 MW. Årleg produksjon er berekna til 11,4 GWh. Kvernavatnet skal demmast opp og regulerast med 2,5 meter. Den 1,9 km lange permanente anleggsvegen er planlagt bygd i den svært ulendte fjellsida.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg ved grenda Bråtveit på austsida av Suldalsvatnet og området Bråtveit-Mostøl er gitt «høg landskapsverdi/fylkesinteresse» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995). Tiltaket medfører fråfall av om lag 3,84 km² inngrepsfri natur (INON, sone 2). Den biologiske konsekvensutgreiinga avdekka førekomst av tre naturtypar etter DN-handbok 13; *Bekkekløft og bergvegg* (B-viktig), *hagemark* (B-viktig) og *rik edellauvskog* (B-viktig). Det ble påvist to raudlisteartar, ask og alm (NT). I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Eit søk i Artskart avdekte i tillegg førekomst av åkerrikse (2012) i kulturlandskapet nedafor fylkesvegen. Det er uvisst om tiltaket vil påverka åkerrikse negativt.

Fylkesmannens vurdering

Tiltaket medfører sterkt redusert vassføring i Kvernåa, på ei strekning på 3,1 km. Det planleggast å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring (ALV). Søknaden inneheld følgjande påstand: «For naturtypen bekkekløft er det per i dag liten kunnskap om i hvilken grad det biologiske mangfoldet blir påvirket av regulering. Kombinasjonen av magasinering og slepping av minste vannføring vil redusere antall og lengden på tørkeperioder, samt at flommene vil bli dempet. Dette kan ha større positive konsekvenser for artene enn negative, dog pr i dag eksistere det lite verifisert kunnskap knyttet til i hvilken grad artar typisk for flombekker blir påvirket av regulering.»

Fylkesmannen meiner at det er meir sannsynleg at ein naturtype som er tilpassa lokale tilhøve gjennom mange år vil lide av ei brå og betydeleg vassføringsendring, enn at den vil gagnast av det. Med same grunngiving argumenterer utbyggar *i mot* ei minstevassføring lik 5-persentilen (60 l/s), dette på trass av at naturmangfaldrapporten tilrår at minstevassføring bør aukast frå alminneleg lågvassføring (ALV, 20 l/s) til 50 l/s. Fylkesmannen refererer til § 9 *føre-var-prinsippet* i naturmangfaldloven, kor det står at dersom det ligg føre ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

I kraft av sin status som «vakkert landskap i Rogaland», meiner Fylkesmannen at dei foreslåtte inngrepa vil redusere området verdi i høve til friluft- og rekreasjonsføre mål: Den 1330 meter lange og 15 meter breie røyrkata vil stadvis ligge i dagen grunna den bratte fjellsida. Den 1,9 km lange permanente anleggsvegen vil gå i sikksakk oppover i det bratte terrenget.

Saman med stort fråfall av vassføring i Kvernåa samt oppdemming av Kvernavatnet fører inngrepet til eit tap av inngrepsfri natur (INON, sone 2) på heile 3,85 km². Fleire viktige naturtypar vil følgeleg få sterkt redusert verdi, og dette er effektar som etter Fylkesmannens vurdering er undervurdert og underkommunisert i søknaden. Suldal er ei av dei mest utbygde

vasskraftkommunane i Rogaland og Bråtveit har fleire slike inngrep i omgivnadane (sjå også felles vurdering av samla belastning øvst i dokumentet).

Fylkesmannen fremmar motsegn mot utbygging av Bråtveit kraftverk ut frå omsyn til natur- og landskapsverdiar (urørt natur, INON, naturtypar).

Nyastøljuvet kraftverk

Bakgrunn

Fjellkraft AS ønskjer å byggje Nyastøljuvet kraftverk, som nyttar eit 23 meter høgt fall i Kvilldalsåna mellom kote 628 og 605. Den påverka elvestrekka er på 322 meter og vil få ei sterk reduksjon i vassføring (middelvassføring 2,2 m³/s). Foreslått minstevassføring er på 200 l/s om sommaren og 40 l/s om vinteren. Røyrkata vil gravas ned i eksisterande veg. Kraftverket har utløp rett i Lauvastølsvatnet, og har ein slukeevne på 6000 l/s og ein installert effekt på 1,3 MW. Årleg produksjon av straum er berekna til 3,44 GWh per år.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i Kvilldalsdalen på sørsida av Suldalsvatnet og området er gitt «høg landskapsverdi/fylkesinteresse» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995). Tiltaket medfører sterkt redusert vassføring i Kvilldalsåna, på ei strekning på 322 m. Store deler av området omkring inngrepsområdet er definert som regionalt viktig friluftsområde (FINK, Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern), dessutan er Nyastøljuvet ein viktig innfallsport til Dyraheio landskapsvernområde.

Den biologiske konsekvensutgreiinga avdekka førekomst av ein naturtype etter DN-handbok 13; *Bekkekløft og bergvegg*, med utforming *bergvegg*, gitt verdi B-viktig. Bergveggen har ei rik kryptogamflora, men utan spesielt sjeldne eller sårbare artar. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Fylkesmannens vurdering

Suldal er ei av dei mest utbygde vasskraftkommunane i Rogaland og Nyastøljuvet ligg midt i det sterkt regulerte område i og rundt Ulla-Førre utbygginga (sjå også felles vurdering av samla belastning øvst i dokumentet). Lauvastølsvatnet er allereie regulert med 15 meter. Likevel framstår Kvilldalsdalen og Kvilldalsåna som ein urørt «plett» i eit fjellområde sterkt prega av tidlegare kraftutbygging.

Med unntak av bekkekløfta er det få naturverdiar knytt til tiltaksområdet. Dersom røyrkata vert lagt i eksisterande veg som førespeila, vil tiltaket legge beslag på lite nytt areal. Den sterkt reduserte vassføringa vil imidlertid kunne ha store negative effektar på stadeigen botndyr- og fiskefauna. Det låge fallet i elva vil bidra til at ei minstevassføring på 200 l/s truleg vil kunne oppretthalde noko av ferskvasslivet.

Fylkesmannen har ingen vidare merknadar til søknaden om bygging av Nyastøljuvet kraftverk, men ber NVE vurdere lønnsmda til prosjektet opp mot området frilufts- og opplevingsverdi. Ved ein eventuell konsesjon ber vi NVE legge vekt på at røyrkata ikkje kjem i konflikt med eksisterande naturtype bekkekløft (utforming bergvegg).

Sabakkeelva kraftverk

Bakgrunn

Blåfall AS ønskjer å byggje Sabakkelva kraftverk i Suldal kommune, som nyttar eit 562 meter høgt fall i Sabakkelva mellom Vasstølvatnet på kote 566 og kraftstasjon ved Hylsfjorden på kote 4. Det

er planlagt slepp av minstevassføring på 15 l/s (middelvassføring 330 l/s) på den 2100 meter lange påverka elvestrekka. Røyrgate skal gravast ned. Det skal byggjast 1400 meter adkomstveg inn til kraftstasjonen ved Hylsfjorden, og i tillegg 200 meter veg inn til inntaket i Vassstølvatnet.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i eit avsides området av Suldal med store areal med upåverka natur frå fjord til fjell. Tap av inngrepsfri natur (INON, sone 2) som følge av tiltaket er på 120 daa. Sabakkeelva vil få sterkt redusert vassføring, og dette vil gå ut over spesielt fossefall og dei fuktkevjande moseartane som er registrert. Naturbase viser forekomst av naturtype *Rik edellauvsskog* (verdi B), nede ved fjorden ved Valskor. Her er det også registrert fleire raudlista kryptogamar. Naturtypeområdet ligg inntil Sabakkeelva nede ved fjorden. Det er registrert kongeørn (NT) oppstrøms Vassstølvatnet. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT. Anleggsvegen bort til kraftstasjonen vil utgjera eit omfattande arealbeslag.

Fylkesmannens vurdering.

Tiltaksområdet frå Vassstølvatnet og nedover mot fjorden er ikkje i umiddelbar nærleik til eksisterande inngrep, noko som bidreg til å oppretthalde eit kontinuerleg naturpreg frå fjell til fjord som elles definerer den opphavlege tilstanden i indre Ryfylke.

Fylkesmannen ønskjer å poengtere tiltakets potensielle skadeverknadar på fossefall og fuktkevjande kryptogamflora, og er usikker på om ei minstevassføring på 15 l/s er tilstrekkeleg for å oppretthalde livsvilkåra deira. Det er sommarvassføringa som oftast er avgjerande for eit vassdrags eigenskapar i høve til naturmangfald, difor ber vi NVE sjå på moglegheitene for å sette vilkår om auka minstevassføring om sommaren, jamfør Naturmangfaldlovens § 12, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*.

Det er og viktig at den planlagde inntaksdammen ikkje skal nyttast til aktiv regulering. Sjølv om det påpeikast at det ikkje er snakk om magasinering og effektkjøring, ser ein likevel ofte at dette vert gjort i praksis.

Det største inngrepet i denne søknaden er bygging av 1400 meter ny anleggsvei (med parallell nedgraven kraftlinje) frå Vallskår til kraftstasjonen. Det planleggast at alt av tungt utstyr til bygging av kraftstasjonen skal fraktast sjøvegen, og at adkomstvegen skal ha ein standard som held til traktor eller ATV. Fylkesmannen foreslår eit veglaust alternativ; at kraftlinjetraséen kan dekkast att med massar og framtidig vedlikehald av kraftverket skje frå fjorden.

Fylkesmannen har ingen vidare merknadar til søknaden om bygging av Sabakkeelva kraftverk. Ved ein eventuell konsesjon ber vi NVE legge vekt på å redusere adkomstvegens negative påverknad, gjennom detaljplanlegging. Med omsyn til fossefall, oppmodar vi til auka minstevassføring.

Bjerga kraftverk, Suldal

Bakgrunn

Bekk og Strøm AS ønskjer å nytte fallet i Bjergaelva i Suldal kommune. Det er tenkt eit elveinntak på kote 480, og vatnet vil først bli ført gjennom ein tunnel på 450 m og deretter ei røyrgate på 650 m til kraftstasjonen på kote 105. Dammen ved inntaket vil bli på om lag 10 m brei, og 3 m høg. Oppdemma areal vil bli på om lag 0,3 daa. Det er lagt opp til bruk av helikopter for å frakte inn byggemateriale, men for vedlikehald og tilsyn av inntaksdam, må ein av stiane i området oppgraderast for bruk av ATV og snøscooter. Det vil bli eit permanent massedeponi ved tunnelpåslaget. Det er pårekna sprenging og planering der kraftstasjonen skal ligge. Det er i dag 300 m frå kraftstasjonen til eksisterande nett. Eksakt trase er endå ikkje klarlagt.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg i Bjerga, på nordsida av Hylsfjorden i Suldal kommune. Dette er innafor det avgrensa heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø, som er definert som «*meget* vakre landskap» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995).

Dominerande treslag langs Bjergaelva var alm (NT) og ask (NT). Ørland naturreservat ligg 0,7 km vest for planlagd kraftstasjon. Naturreservatet inneheld fleire raudlista artar og regionalt sjeldne artar. Inngrepsfri natur vil bli redusert med 0,83 km² (INON, sone 2).

Alm-lindeskogen er sett til verdi B, og fosseeng til verdi A. I Norsk raudliste for naturtypar står *bekkelaup* oppført som NT.

Fylkesmannens vurdering

Tiltaket vil føre til ein betydeleg reduksjon av vassføringa i Bjergaelva, foreslått minstevassføring er på 50 l/s. Dette er mindre enn 5-persentilen som er berekna til 97 l/s om sommaren. Dette inneber at dei fuktkevjande moseartane vil få svært reduserte livskår, og fosseenga vil truleg gå ut som naturtype. Med en tillagt verdi på *svært viktig* (A), vil ei slik utvikling vere svært uheldig.

Det er ikkje usannsynleg at fleire av artane ein finn i Ørland naturreservat vil kunne finnast i tiltaksområde. Sjølv utan andre funn av raudlista artar, er influensområdet vurdert av konsulenten til å ha stor verdi for biologisk mangfald.

Fylkesmannen fremmar motsegn mot utbygging av Bjergaelva kraftverk ut frå omsyn til natur- og landskapsverdiar (svært viktig naturtypar, stor artsrikdom meget vakre landskap).

Tysseelva kraftverk

Bakgrunn

Småkraft AS ønskjer å bygge Tysseelva kraftverk i Suldal kommune, og nyttar eit 340 meter høgt fall frå kote 420 til kote 80. Fråført elvestrekning er 1720 meter, og vatnet skal gå i nedgrave røyr. Planlagt minstevassføring er lik 5-persentilen på 80 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren. Inntaket er planlagt som ein 2-3 meter høg gravitasjonsdam, som demmar opp 300-500 m³.

Miljøverdiar

Tiltaksområdet ligg innst i Tyssefjorden i ytre deler av Suldal og går inn under Indre Erfjord som er gitt «høg landskapsverdi/fylkesinteresse» i den fylkeskommunale rapporten «Vakre landskap i Rogaland» (1995). Tiltaket medfører sterkt redusert vassføring i Tysseelva på ei strekning på 1720 m. Tapet av inngrepsfri natur (INON, sone 2) som følge av tiltaket er på 1100 daa. Kraftverket skal ligge over antatt anadrom strekning, slik at førekomst av ål og sjøaure ikkje vert trua av tiltaket.

Fylkesmannens vurdering

Først og fremst ønsker Fylkesmannen ei forsikring om at anadrom strekning faktisk stopper på kote 11, slik som *antatt* i konsekvensutgreiinga. Dersom ål også nyttar den planlagt fråførte elvestrekningen vil eit inngrep vere svært negativt. Anleggsvegen skal forlengast frå eksisterande sti/skogsveg, og totalt blir det om lag 500 meter ny veg. Inntaksdammen skal byggast 2-3 meter høg og demme opp eit om lag 300-500 m³. Fylkesmannen oppmodar søkjar om å sjå på Coanda-inntak. Slike inntak er tilnærma vedlikehaldsfrie, noko som gjer at det ikkje er behov for adkomstveg. Dessutan treng ein då ikkje å lage demninga så høg som ved tradisjonelle gravitasjonsdammar, og vannspeglet treng ikkje hevast så mykje.

Den 1720 meter lange røyrkata er planlagt *delvis* nedgraven, utan at det spesifiserast kvifor ikkje heile røyrkata skal gravast ned. Fylkesmannen reknar med at NVE følger opp dette ved ein eventuell konsesjon, og sørger for at resultatet blir slik at påverknadane på miljøet haldast på eit minimum (jf. § 12 i Naturmangfaldloven, *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*).

Fylkesmannen har ingen ytterlegare merknadar til søknaden om bygging av Tysseelva kraftverk. Ved ein eventuell konsesjon ber vi NVE legge vekt på gode løysingar på anleggsveg og røyrgate, samt å vurdere potensiale for førekomst av ål lenger opp i vassdraget.

Med helsing

May Britt Jensen
Fylkesmiljøvernsjef

Per Kristian Austbø
Ass. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Irvin Kilde
Saksbehandlar telefon: 51568735
E-post: fmroiki@fylkesmannen.no

— Kopi til:
Suldal kommune Eidsvegen 7 4230 Sand
Sauda kommune Postboks 44 4201 Sauda